
Fra: Eirik Bouwer Utne
Sendt: 2. mars 2016 22:26
Til: Merethe Tvedt
Emne: Uttale kulturminnevern – sak 15/2662. Byggesak GBNR 23/3 Løypetona. Riving og oppføring av ny bustad.

Uttale kulturminnevern – sak 15/2662. Byggesak GBNR 23/3 Løypetona. Riving og oppføring av ny bustad.

Bruk nr. 3, *Tømmervika/Vikane* vart skilt ut frå nr. 1 i 1848 til Johannes Jakobsson og har vore i familien sitt eige sidan. Utmarka er i hovudsak skilt ut til bustadbygging, men innmarka er forpakta bort og er i drift. Området drenerer eit lengre drag frå nord, der ein har bygga kisteveiter som no er brotne.

Bruket består av våningshuset, løe med tørrmurt gavl (rehabilitert til reiskapsbod i 1994), tekstilfabrikk frå 1948, eldre uferdig løe, jordkjellar, smaleflor, kulturvegar og to naust. Steingardane mot vest og nord, som saman markerar bruksgrensa, er i relativt god stand. Samla står bruket fram som det siste heilskaplege kulturmiljøet i Frekhaugområdet, som ein flott kystgard i eit elles tettbygd område. Bruket er i enden av eit grøntstrukturdrag frå Nordhordland folkehøgskule til sjøen, og er eit viktig opent landskap for innbyggjarane i denne delen av kommunen. Det er friluftsiinteresser i området, særleg langs sjøen og på stien ved steingarden mot vest. Ein bør strekkje seg langt for å ta vare på heilskapen i dette landskapet.

Vurdering: Bruket og kulturmiljøet har svært høg lokal kulturminneverdi for tettstaden Frekhaug.

Våningshuset er registrert i SEFRAK, nr 1256 206 15, bygningsnr. 13008299, 19.9.1994, informant Åse Margrete F. Thorsen. Byggeår er sett til ca. 1850, noko som samsvarar med informasjon frå eigar Bjørn Steffen Thorsen. Byggherre er i SEFRAK oppgitt som Johannes Salhuus Frekhaug, som truleg er same person bygdesoga for Meland nemner som Johannes Jakobsson, fødd i 1818. Huset er bygd i to omgangar, først den nordlege stova med lem, så ei seinare utviding mot sør. Bygget slik det står fram i dag er eit relativt vanleg døme på datidens byggeskikk i regionen, og står aleine igjen på Frekhaug.

Vurdering: Våningshuset har høg lokal kulturminneverdi for tettstaden Frekhaug.

Huset var budd i fram til tidleg på 60-talet, og var feriebusstad til ut på 90-talet. I dag står huset fram i mindre god stand. Ei rehabilitering av huset vil vere mogleg, men svært kostbart. Søkjar oppgir at ein ønskjer å ta vare på noko av tømmeret og dei eldste vindauga til å rehabilitere løa mot nordvest.

I denne vurderinga vert det kort gått gjennom fire alternativ for bygget:

1. Bygget vert ståande slik det er i dag.
 - Fordelen vil vere at heilskapen i kulturmiljøet vil verte tatt vare på.
 - Dette vil krevje omfattande rehabilitering, noko søkjar ikkje ser for seg dei kan ta på seg. Grunnflata på huset vert for liten for ønskja bruk.
2. Ein byggjer eit moderne tilbygg til huset mot aust-nordaust.
 - Fordelen vil vere å ta vare på kulturmiljøet, ved å dra eldre element, her våningshuset, saman med ein ny struktur.

- Dette vil òg krevje omfattande rehabilitering av eksisterande bygg, og riving av tørrmurt vegkant mot nordaust.
3. Bygget rivast og nytt bygg vert reist mot nordaust, kjellarmuren vert tatt vare på slik den står fram i dag.
- Fordelen vil vere at ein tek vare på huset si plassering i kulturmiljøet, og ikkje slettar spora.
 - Søkjar kan få eit tenleg bustadhus på bruket, og samtidig klart vise det gamle huset si plassering i kulturmiljøet.
 - Dette vil krevje ein skånsam rivingsprosess, noko som samsvarar med søkjars ønskje om å ta vare på vindauge og tømmer til bruk i andre bygg på bruket.
4. Huset rivast med grunnmur. Nytt bygg vert reist over.
- Fordelen vil vere at nytt våningshus på bruket fortset på same plassering som det gamle.
 - Ein vil ikkje kunne spore det eksisterande bygget i kulturmiljøet.

Konklusjon

Bruket og kulturmiljøet har svært høg lokal kulturminneverdi, og bygget har høg lokal kulturminneverdi. Av dei framlagte alternativa er nr. 3 å tilrå:

På grunnlag av vurderinga vert alternativ 3 tilrådd: huset rivast og nytt bygg oppførast mot aust-nordaust – kjellarmuren vert å ta vare på.

- Ein vil her tilrå å nytte kjellarmuren som ein kvalitet i tiltaket.
- Eit nytt bygg bør tilpassast på best mogleg måte den eldre kulturvegen mot naustet nedanfor, som må takast vare på.
- Bygget må tilpasse seg lokal byggeskikk og minimere terrengendringar.
- Dersom det eksisterande bygget vert teken ned, må det på førehand gjerast tilgjengeleg for kulturhistorisk dokumentasjon.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne

Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 59 / 10 00 Mob: 934 13 089

E-post: eirik.utne@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)